



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 38

(2003–2004)

Disponering av betongunderstellet TCP2 på Frigg-feltet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 9. januar 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing og samandrag

Olje- og energidepartementet legg med dette fram ein stortingsproposisjon med tilråding om å fatte vedtak om endeleg disponering av betongunderstellet til behandlings- og kompressorplattforma TCP2 (Treatment and Compression Platform 2) på Frigg-feltet.

Frigg er eit felles eigd norsk-britisk felt, der norsk del er 60,82 pst. Olje- og energidepartementet fekk i november 2001 oversendt Frigg avslutningsplan som blant anna omfattar etterlating av tre betongunderstell. Av desse står TCP2 på norsk side og dei to andre på britisk side av sokkelgrensa. Britiske og norske styresmakter har samarbeidd nært i behandlinga av avslutningsplanen.

Departementet tilrår at betongunderstellet TCP2 blir etterlate på staden i samsvar med tilrådinga frå rettshavarane. Understellet vil bli avmerkt på sjøkart og det vil bli installert navigasjonsutstyr for å tryggje skipstrafikken. I medhald av kgl. res. 26. september 2003 er det vedteke at overbygningen på TCP2 skal fjernast og takast til land. Britiske styresmakter har godkjend å etterlate dei to betongunderstella på britisk side.

Etterlating er grunnlagt med at ein fjerningsoperasjon inneber ein uakseptabelt høg risiko for


tap av menneskeliv og annan skade. Vurderinga er basert på risikoanalysar utførte og verifiserte av uavhengig teknisk ekspertise. I tillegg er ein fjerningsoperasjon vesentleg dyrare.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet har innhenta uttaler frå Oljedirektoratet når det gjeld forhold knytte til tryggleiken. Oljedirektoratet ser det slik at tryggleiken er ivareteken gjennom den tilrådde løysinga. På denne bakgrunnen tilrår også Arbeids- og administrasjonsdepartementet at betongunderstellet blir etterlate på staden.

Dei samla konsekvensane for miljøet som er knytte til å etterlate betongunderstellet er vurderte som akseptable. Ei konsekvensutgreiing har vore på offentleg høyring. Det har ikkje komme fram forhold som tilseier at den tilrådde løysinga ikkje bør gjennomførast.

I medhald av pliktene etter OSPAR-konvensjonen (konvensjon om vern av det marine miljø i det nordaustlege Atlanterhavet av 1992) er det gjennomført konsultasjon med dei andre konvensjonspartane. Ingen av desse har innvendingar mot etterlating.

Kostnaden ved å fabrikkere og installere navigasjonsutstyr på betongunderstellet er av operatøren utrekna til 6,8 mill. 2002-kroner. Totale kostnader for dei tre betongunderstella på Frigg-feltet vil



Figur 1.1 Installasjonar på Frigg-feltet

Kjelde: TOTAL E&P NORGE AS

utgjere 20,4 mill. 2002-kroner. Av dette utgjier den norske delen om lag 12 mill. 2002-kroner. Dette vil komme til frådrag innanfor (petroleums) skattesystemet.

I tillegg kjem kostnader knytte til fjerning av utvendig stål på understella. Norsk del er utrekna til i underkant av 64 mill. 2002-kroner, som vart inkludert i kostnadsoverslaget for fjerning av overbygningane på betonginstallasjonane gitt i kgl. res. 26. september 2003.

1.1 Frigg-feltet

Frigg-feltet, opphavleg eit stort gassreservoar, strekkjer seg over grenselinja mellom Noreg og Storbritannia i den nordlege delen av Nordsjøen. Havdjupet ved Frigg er ca. 100 meter.

Gjennom ein overeinskomst mellom Noreg og Storbritannia om felles utnytting av feltet har styresmaktene i dei to landa godkjent rettshavarane si eigarfordeling, slik at norsk del er fastsett til 60,82 pst.

Eigarfordelinga i heile Frigg-feltet er:

TOTAL E&P NORGE AS (operator)	28,664 pst.
Norsk Hydro Produksjon as	19,992 pst.
Statoil ASA	12,164 pst.
Elf Exploration UK PLC ¹	26,120 pst.
TOTAL E&P UK PLC	13,060 pst.

Produksjonen frå Frigg-feltet begynte i 1977. I avslutningsplanen var forventninga at produksjonen

¹ Under leing av TOTAL E&P UK PLC

skulle opphøyre mot slutten av 2003, men dei siste prognosane tyder på et ein kan oppretthalde produksjonen fram til sommaren 2004.

Innretningane på Frigg-feltet består av tre betong- og to stålplattformer knytte saman med røyrleidningar og kablar. I tillegg er det eit stålunderstell som vart øydelagt under installasjon i 1974. Ei betong- og ei stålplattform og det øydelagde stålunderstellet står på norsk side.

1.2 Disponering av innretningar på Frigg-feltet

Den 23. november 2001 oversende TOTAL E&P NORGE AS, på vegner av rettshavarane, Frigg avslutningsplan til Olje- og energidepartementet. Avslutningsplanen omfattar disponering av alle installasjonar, feltinterne røyrleidningar og kablar, borekaks og skrot på havbotnen rundt installasjonane.

1.2.1 Disponering av stålplattformer, plattformdekk på betongplattformene, feltinterne røyrleidningar og kablar, borekaks og skrot

Ved kgl. res. 26. september 2003 vart det bestemt at stålplattform DP2, stålunderstellet DP1 og overbygningen på betonginstallasjonen TCP2 på norsk side skal fjernast og takast til land. Vidare vart det bestemt at skrot på havbotnen, feltinterne røyrleidningar og kablar, saman med betongstøtter og -madrassar, på norsk side skal fjernast og disponerast på land. Det vart også bestemt at borekaks som stammar frå boreoperasjonar og som ligg under og rundt DP2 kan etterlatast på staden. Fullmakt til slik behandling er gjort greie for i St.prp. nr. 1 (2000–2001) for Olje- og energidepartementet.

Tilsvarande vedtak er fatta av britiske styresmakter når det gjeld innretningar m.v. på britisk side.

1.2.2 Disponering av betongunderstellet TCP2 – OSPAR-prosessen

Disponering av installasjonar skal skje i samsvar med lov av 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumslova), og i samsvar med dei pliktene Noreg har i høve til OSPAR-konvensjonen. Den siste tillet å etterlate betongunderstell dersom ei samla vurdering viser at det er vektige grunnar for disponering til havs. Ein føresetnad er at statar som vurderer disponering til havs må konsultere dei andre konvensjonspartane.

Olje- og energidepartementet la, i samarbeid

med Miljøverndepartementet, fram forslaget om å etterlate betongunderstellet TCP2 for konvensjonspartane i september 2002. Eit tilsvarande forslag om å etterlate dei to betongunderstella på britisk side vart lagt fram samtidig av britiske styresmakter.

Høyringsfristen gjekk ut 10. januar 2003. Berre Danmark, Tyskland og Frankrike uttalte seg. Ingen av dei tre landa reiste innvendingar mot at dei tre betongunderstella blir etterlatne, men gav enkelte kommentarar knytte til disponeringa. Tyskland uttrykte bekymring for ei ukontrollert nedbryting av betongunderstella. Danmark peikte på at det er viktig at dei etterlatne betongunderstella er godt nok merkte. Frankrike hadde kommentarar og oppfordringar knytte til sjøtryggleik. Olje- og energidepartementet har svart på kommentarane i samarbeid med Miljøverndepartementet og britiske styresmakter, og det er sidan ikkje motteke ytterlegare kommentarar.

1.3 Statleg overtaking av innretningar

Olje- og energidepartementet ønskjer ikkje å nytte retten, som er fastsett i petroleumslova, til statleg overtaking av betongunderstellet TCP2 på Frigg. Det er ikkje identifisert høve til lønsam bruk av installasjonen på eit seinare tidspunkt.

2 Frigg avslutningsplan for betongunderstellet TCP2

2.1 Beskriving av betongunderstellet TCP2

TCP2 er ei behandlings- og kompressorplattform som vart installert i 1977. Understellet av betong er ein såkalla gravitasjonsbasert konstruksjon og er 129 meter høgt. Tørrvekta er 159.173 tonn og maksimal breidd er 116 meter. Understellet består av 19 sylindriske celler. Kvar av cellene har ein diameter på 20 meter og tjukkeleiken i veggene varierer mellom 0,5 meter og 0,85 meter. Tre av cellene strekkjer seg lenger opp enn dei andre og dannar skaft som støttepunkt til overbygningen. Alle cellene unnateke desse tre har ei høgd på 40 meter. Cellene og skafta er fylte med sjøvatn. Understellet har ikkje blitt nytta til lagring av olje. Plattformen vart ikkje konstruert for fjerning ved opphøyr av bruk.

2.2 Disponeringsalternativ og rettshavarane si tilrådde løysing

Frigg avslutningsplan er basert på ei rekkje studiar og vurderingar av aktuelle disponeringsalternativ.

Alle disponeringsalternativa er vurderte med omsyn til teknisk gjennomføring, risiko for personell, miljø- og samfunnsmessige konsekvensar og kostnader.

Rettskavarane har innhenta vurderingar frå ingeniørselskapet som var ansvarleg for den opphavlege prosjekteringa og bygginga av plattform, partnerselskap, uavhengige konsulentar, tekniske ekspertar frå universitet i ei rekkje europeiske land og TOTAL-gruppa. Vurderingane av risikoanalysane er seinare blitt verifiserte av fleire uavhengige institusjonar.

Ei rekkje alternativ for gjenbruk på staden er vurderte, men ingen er funne interessante, verken innanfor olje- og gassverksemda eller til andre formål.

Rettskavarane har i avslutningsplanen sett nærare på fem disponeringsalternativ. Tre av desse innebar heving og gjenbruk annan stad eller disponering på land eller på djupt vatn. Det fjerde alternativet innebar kutting ned til 55 meter under havoverflata, mens det siste var etterlating på staden.

2.2.1 Heving og gjenbruk annan stad eller disponering på land eller på djupt vatn

Å heve betongunderstellet TCP2 medfører høg risiko for tap av menneskeliv og annan skade. Plattformen vart ikkje konstruert for fjerning ved opphøyr av bruk. Følgjeleg sjekka ein ikkje betongstrukturen si evne til å stå imot trykket ved heving, og ingen tiltak vart gjennomførde i designprosessen for å gjere ei framtidig heving mogleg.

Det er òg vesentleg uvisse knytt til metoden for frigjerings av understellet frå havbotnen. Betongunderstellet har ei rekkje stålskjørt som stikk 1,7 meter ned i havbotnen. Det er usikkert kor mykje kraft som er nødvendig for å trekkje ut desse.

Det er òg uvisst om ballastsystemet som vart konstruert for bruk under installasjonen av plattform, framleis vil vere operasjonelt.

Det er ikkje mogleg å føresjå korleis understellet på TCP2 vil bevege seg når det har losna frå havbotnen. I samband med dette er det endå eit risikomoment at betongplattformen TP1 ligg berre 35 meter unna. Når det gjeld sjølve slepet til land er det stor uvisse knytt til om ballastsystemet og rørgjennomføringar vil tole påkjenninga.

Uavhengige ekspertar har vurdert uvisse knytt til teknisk gjennomføring og rekna ut at risikoen for ei stor ulykke under heving og slep er 20 til 40 gonger høgare enn akseptkriteriet for marine operasjonar.

Heving vil òg utgjere ein risiko for tryggleiken til involvert personell. Risikoen for tap av liv under

fjerning og disponering på land er vurdert til om lag 13 pst. dersom alt går etter planen. Faren for tap av menneskeliv vil auke sterkt dersom ein må gjere mykje ekstra arbeid offshore for å rydde opp etter ei stor ulykke. Heving med disponering på djupt vatn eller gjenbruk annan stad har same høge risiko for ulykker som heving og disponering på land.

Kostnaden for å fjerne betongunderstellet TCP2 er utrekna til 2,5 mrd. 2002-kroner. Dette føreset at arbeidet går som planlagt og at ein unngår ulykker. Ved ei stor ulykke er det monaleg risiko for at kostnadene vil bli betydeleg høgare.

Rettskavarane har ut frå dette forkasta disponeringsalternativa som omfattar heving.

2.2.2 Kutting ned til 55 meter under havoverflata

Dette alternativet vil sikre fri passasje for skipstrafikken til 55 meter under havoverflata.

Kutting av dei tre skafta på betongunderstellet ned til 55 meter under havoverflata er vurdert av rettskavarane som teoretisk mogleg, men det er stor uvisse knytt til kuttemetoden. Kutting av skafta krev utvikling og dokumentasjon av ny teknologi. Risikoen for at eit skaft veltar under kuttearbeidet er vurdert til å vere 20 gonger høgare enn akseptkriteriet for marine operasjonar. Risikoen for tap av liv ved denne disponeringsmetoden er utrekna til 18 pst. dersom alt går etter planen. Risikoen for tap av menneskeliv vil auke sterkt dersom ein må gjere mykje ekstra arbeid offshore for å rydde opp etter ei stor ulykke.

Kostnaden ved å kutte dei tre skafta er estimert til i underkant av 1,65 mrd. 2002-kroner dersom alt går etter planen. Det har også komme fram under den offentlege høyringsprosessen at løysinga er lite attraktiv for fiskeriinteressene i området.

På dette grunnlag har rettskavarane valt å sjå bort frå denne disponeringsløysinga.

2.2.3 Etterlating på staden

Basert på ei totalvurdering er etterlating av betongunderstellet TCP2 på staden rettskavarane si tilrådde disponeringsløysing. Dette inneber at betongunderstellet vil stå igjen på staden etter at overbygningen og utvendig stål er fjerna og teke til land for gjenvinning.

Behaldarar og røyr inne i skafta som inneheld dieseloilje, hydraulisk olje og metanol vil bli tømde og reinsa. Dei fleksible røyra og lysstoffrøyr inne i betongskafta vil bli fjerna. Anna stål inne i betongunderstellet vil bli etterlate saman med vernande aluminium og sinkanodar. Desse gjenstandane er

ikkje vurderte å ha negativ innverknad på miljøet og vil bli brotne ned over tid. Betongunderstellet har aldri vore brukt som lagertank for olje.

Betongunderstellet vil bli avmerkt på sjøkart. Navigasjonsutstyr vil bli installert på betongunderstellet etter spesifikasjon gitt av Kystverket, i samarbeid med skotske Northern Lighthouse Board. Rettshavarane vil vere ansvarlege for drift, overvaking og vedlikehald av navigasjonsutstyret.

2.2.4 Kostnader ved etterlating på staden

Kostnadene som er knytte til å etterlate betongunderstellet er svært låge samanlikna med dei andre disponeringsalternativa. Kostnaden ved fabrikkering og installering av navigasjonsutstyr på betongunderstellet er av operatøren utrekna til 6,8 mill. 2002-kroner. Totale kostnader for dei tre betongunderstella på Frigg-feltet vil utgjere 20,4 mill. 2002-kroner. Av dette utgjør norsk del om lag 12 mill. 2002-kroner. Dette vil komme til frådrag innanfor (petroleums)skattesystemet.

I tillegg kjem kostnader knytte til fjerning av utvendig stål på understella. Norsk del er utrekna til i underkant av 64 mill. 2002-kroner, som vart inkludert i kostnadsoverslaget for fjerning av overbygningane på betonginstallasjonane gitt i kgl. res. 26. september 2003.

3 Konsekvensutgreiing

3.1 Innleiing

I medhald av petroleumslova § 5–1, jf. forskrift til lov om petroleumsvirksomhet av 27. juni 1997 § 43, har operatøren som ein del av avslutningsplanen utarbeidd ei konsekvensutgreiing.

Utrekningane som er gjort viser at dei totale konsekvensane for miljøet ved etterlating av betongunderstellet TCP2 er mindre enn ved nokon av dei andre disponeringsalternativa.

Betongunderstellet vil kunne vere til hinder for fisket og annan bruk av havet. Utrekningar viser at det er svært lite truleg at fartøy skal kollidere med betongunderstellet.

3.2 Høyringsuttaler

Konsekvensutgreiinga vart send på offentleg høyring 29. november 2001, med høyringsfrist 28. februar 2002.

I det følgjande blir det gitt eit tematisk samandrag av høyringsinstansane sine kommentarar når det gjeld disponeringa av betongunderstellet TCP2. Olje- og energidepartementet har formidla

høyringsuttalene til operatøren. Operatøren og departementet sine kommentarar er gitt att der det er relevant.

3.2.1 Gjenbruk

Statens vegvesen meiner at større betongunderstell kanskje kan brukast opp att til samferdselsformål. Dersom utfordringane ved å flytte betongkonstruksjonane kan løysast både teknisk og sikkert, bør det leggast press på dei involverte selskapa for at gjenbruk som brufundament blir tilstrekkeleg utgreidd. Statens vegvesen er førebudd på å medverke i utgreiingsarbeid rundt gjenbruk av betongunderstell dersom problema med lausriving, transport osv. blir løyste på forsvarleg måte.

Statens forureiningstilsyn og Ole Johan Strand saknar ei nærare vurdering av om bruk av heile betongunderstell til brufundament eller liknande er moglege løysingar.

Noregs Naturvernforbund er av den oppfatning at dei tre betongunderstella ikkje bør flyttast førebels, men bli ståande på sokkelen i påvente av moglege høve til gjenbruk i Noreg eller Storbritannia. Samtidig blir dei norske styresmaktene oppmoda til å setje i gang eit arbeid, gjerne i samarbeid med britiske styresmakter, for å etablere eit felles statleg selskap som kan leite etter høve til gjenbruk for dei plattformene som finst i Nordsjøen, med det siktemål at dei blir fjerna frå feltet og ikkje etterlatne der til evig tid. I tillegg meiner dei at det rettshavarane sparer ved å sleppe å fjerne betongunderstell ikkje bør komme eigarane av understella til gode. Midlane bør i staden overførast til andre miljøoppgåver som står uløyste i tilknytning til miljøbelastningar som rammar Nordsjøen.

Operatøren opplyser at gjenbruk av betongunderstella som brufundament eller liknande konstruksjonar føreset at dei kan flyttast på trygt vis. Dei studiane som er utførte viser som tidlegare omtalt at risikoen for tap av menneskeliv og annan skade ved heving ligg langt utanfor akseptable rammer. Derfor vart det ikkje gjennomført ei detaljert evaluering av gjenbruk på annan stad.

Olje- og energidepartementet vil understreke at i den grad den valte løysinga er rimelegare enn alternative løysingar, vil dette komme samfunnet til gode m. a. gjennom auka skatteinntekter for staten. Løyvingar til andre miljøoppgåver i Nordsjøen vil bli vurderte på sjølvstendig grunnlag.

3.2.2 Teknologiutvikling

Noregs Fiskarlag sitt prinsipielle syn er at alle installasjonar må fjernast etter avslutta petroleums-

verksemd slik at havbotnen er fullstendig rydda. Operatøren si tilråding om å etterlate betongunderstella er basert på vurderingar knytte til den teknologien som finst i dag, og Noregs Fiskarlag aksepterer i utgangspunktet dette. Noregs Fiskarlag ber likevel om at det ikkje blir teke endeleg avgjerd når det gjeld betongunderstella, då ny teknologi i framtida kan finne løysingar som gjer fjerning mogleg.

Operatøren viser til at uvisse knytt til heving av betongunderstellet er av ein slik natur at utvikling av ny teknologi neppe vil kunne redusere risikoen ved ein hevingsoperasjon i betydeleg grad.

Olje- og energidepartementet vil understreke at forslaget til disponering som blir lagt fram for Stortinget er i tråd med våre plikter i høve til OSPAR-konvensjonen, og at disponeringsvedtaket som blir fatta vil vere endeleg.

3.2.3 Skipstrafikk, merking og ansvar

Statens forureiningstilsyn (SFT) meiner at det å etterlate betongunderstellet kan utgjere ein risiko for skipstrafikken i området. SFT meiner at tilsyn av installasjonen etter at området er forlate av operatøren er uavklart.

Noregs Fiskarlag poengterer at dersom styresmaktene godkjenner dei tilrådingane som operatøren har komme med, bør vedtaket innehalde krav til framtidig merking for andre som ferdast på havet og langsiktige ansvarsforhold.

Operatøren opplyser at dei er i ein dialog med relevante norske og britiske styresmakter for å sikre at dersom det blir vedteke å etterlate betongunderstella, vil dei bli merkte på tilfredsstillande måte, i samsvar med nasjonal lovgiving og internasjonale konvensjonar. Navigasjonsutstyr vil bli installert på betongunderstellet TCP2.

Olje- og energidepartementet vil understreke at rettshavarar etter petroleumslova er ansvarlege for skade eller ulempe som blir valda med vitande og vilje eller uaktsamt i samband med ei innretning som er vedteken etterlaten. I tillegg er rettshavarane ansvarlege for montering, drift og vedlikehald av nødvendig navigasjonsutstyr.

3.2.4 Dokumentering av kulturminne

Riksantikvaren meiner at på grunn av Frigg-feltet sin betydning i den norske delen av Nordsjøen generelt og Frigg/TCP2 spesielt, bør det gjennomførast eit kulturhistorisk dokumentasjonsprosjekt av installasjonane på Frigg-feltet. Det bør gjerast ei avtale om dette mellom *Olje- og energidepartementet* og *Norsk Oljemuseum*, eventuelt i samar-

beid med ein britisk institusjon. Prosjektet bør òg omfatte eventuelle kulturminne under vatn ved Frigg-feltet som ikkje er knytte til oljesektoren, f.eks. skipsvrak eller funn frå steinalderen. *Miljøverndepartementet* støttar kommentaren frå *Riksantikvaren*.

Operatøren opplyser at dei har kontakta *Riksantikvaren* for å vurdere korleis dei føreslegne tiltaka kan setjast i verk. Operatøren har òg teke kontakt med *National Monument Records of Scotland/Historic Scotland*.

Olje- og energidepartementet er samd med *Riksantikvaren* i at petroleumsverksemda på norsk sokkel bør dokumenterast for ettertida. Departementet har starta ein dialog med *Riksantikvaren* og *Norsk Oljemuseum* om saka og har peikt på at eit dokumentasjonsprosjekt for Frigg-feltet må sjåast i samheng med ein heilskapleg verneplan for petroleumssektoren. Kostnader i samband med slike tiltak må stå i rimeleg høve til verdien av dei resultatane ein kan oppnå.

3.2.5 Andre kommentarar

Hordaland Fylkeskommune meiner at konsekvensutgreinga er tilfredsstillande og har ingen innvendingar mot at betongunderstellet blir etterlate på staden. Fylkeskommunen føreset at planen blir justert undervegs i forhold til eventuell ny kunnskap om konsekvensar for miljøet.

Fiskeridepartementet gir honnør til operatøren for ei god og utfyllande konsekvensutgreiing og støttar tilrådingane til avbøtande tiltak og overvaking. Dei viser elles til uttaler frå *Fiskeridirektoratet* og *Havforskningsinstituttet*.

Fiskeridirektoratet gir si støtte til at betongunderstellet blir etterlate og understrekar betydninga av at avbøtande tiltak og overvaking blir gjennomførte som foreslått.

Havforskningsinstituttet er tilfreds med dei konsekvensutgreiingane som er utførte og støttar at betongunderstellet blir etterlate på staden. Dei meiner at installasjonane på Frigg-feltet er blitt ein del av økosystemet og at betongunderstella såleis ikkje vil vere til skade for fiskeressursane eller anna marint dyreliv dersom dei blir etterlatne. Delvis fjerning kan i følgje *Havforskningsinstituttet* bli årsak til forstyrringar for det marine miljøet og vil innebere omfattande bruk av energi som vil ha negativ effekt på miljøet generelt.

Finansdepartementet, Utanriksdepartementet og Kystverket har ingen merknader til disponeringsplanen.

4 Arbeids- og administrasjonsdepartementet si vurdering og tilråding

Arbeids- og administrasjonsdepartementet har innhenta uttaler frå Oljedirektoratet når det gjeld tryggleiken i tilknytning til disponeringa av betongunderstellet TCP2. Forhold som er særleg viktige for tryggleiken er nærmare omtalte i kapittel 2.2. Oljedirektoratet ser det slik at tryggleiken i samband med operatøren si tilrådde løysing er innanfor akseptable rammer. På denne bakgrunnen tilrår Arbeids- og administrasjonsdepartementet at betongunderstellet blir etterlate på staden.

5 Olje- og energidepartementet si samla vurdering og tilråding

I vurderinga av disponeringsalternativa er det lagt spesiell vekt på at heving og slep av betongunderstellet TCP2 er forbunde med ein uakseptabel risiko for tap av liv eller annan skade. Kostnadene ved etterlating, som er rettshavarane si tilrådde disponeringsløysing, er dessutan vesentleg lågare enn ved dei andre alternativa.

I konsultasjonsprosessen med dei andre OS-PAR-konvensjonspartane har det ikkje komme inn-

vendingar mot at betongunderstellet TCP2 blir etterlate.

Basert på ei totalvurdering der ein har teke omsyn til teknisk gjennomføring, tryggleik for personell, miljøet, fjerningskostnader og verknader for andre brukarar av havet, sluttar Olje- og energidepartementet seg til at betongunderstellet TCP2 blir etterlate på staden. Løyve til etterlating vil bli gitt på følgjande vilkår:

- utvendig stål og fleksible røyr og lysstoffrøyr inne i betongunderstellet skal fjernast og takast til land for gjenvinning
- navigasjonsutstyr skal installerast og utstyret skal overvakast og haldast ved like regelmessig
- betongunderstellet skal avmerkjast på aktuelle sjøkart

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om disponering av betongunderstellet TCP2 på Frigg-feltet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om disponering av betongunderstellet TCP2 på Frigg-feltet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om disponering av betongunderstellet TCP2 på Frigg-feltet

I
Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne operatøren si tilrådde dis-

poneringsløsning når det gjeld betongunderstellet TCP2 på Frigg-feltet, i samsvar med tilråding frå Olje- og energidepartementet.

